



TEKSTILINDUSTRI-  
MUSEET

M U  
H O

# Årsmelding 2023



# Innleiing

Starten av 2023 var prega av årsplanlegging, rapport og søknadsskriving til stat, fylke og kommune. Ny avdelingsleiar kom på plass 1. februar, som hadde introduksjonssamtalar med alle tilsette og var med å ferdigstille budsjettet for 2023. Medarbeidarsamtalar vart gjennomført om våren og løns- og kompetansesamtalar vart gjennomført om hausten. Det har vore jobba med å få til betre system og rutinar for å sikre føreseieleg organisering og drift, samt auke eigeninntektene og få fleire til å besøke museet. I 2023 er besøkstala tilbake slik dei var før pandemien.

Tilskot for 2023 til forvaltning, drift og vedlikehald frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 72 var i år 3 624 000,-. Riksantikvaren har i tildelingsbrevet for 2023 understreka behovet for å vurdere omfang av tilskot til FDV nøye. Vestland fylkeskommune har likevel ikkje tildelt full dekning av ordinære lønsutgifter, noko som gjer at vi manglar om lag 250.000 i lønnsmidlar for å kunne tilby ei fast handverkarstilling. Dette er svært utfordrande for museet noko som har blitt formidla både til Riksantikvaren, Vestland fylkeskommune og til politisk regionalt og nasjonalt. TIM har som styremedlem (vara) i Norsk industriarv jobba aktivt med å formidle kor viktig det er å ha føreseielege lønnsmidlar til FDV, og sikre at statlege tilskotsmidlar frå post 72 på statsbudsjettet vert styrka når Riksantikvaren sine bevaringsprogram vert avslutta.

Salhus Tricotagefabrik er freda etter kulturminnelova for å sikre nasjonale kulturminneverdiar. Tiltak som installering av varmepumper, varevindauge og LED har vore viktig, då oppvarma bygningsmasse sikrar at tilstandsgraden til Salhus Tricotagefabrik ikkje vert forringa. Fleire bygg står i sjøkanten, og er ikkje konstruert for å halde på varmen. Slike ENØK-tiltak er og viktig for å redusere kostnadar knytt til straum, som i år har vore redusert med om lag 20% samanlikna med 2022. Store delar av produksjonslina er operativ, noko som er unikt i nasjonal samanheng. Dette resulterer mellom anna i at ein kan selje eigne varer som sokkar, skjerf, pulsvarmar og genser i museumsbutikken. Kompetansen knytt til maskinparken er sårbar med omsyn til overføring av kunnskap og skulle difor vore styrka med fleire tilsette. I 2023 har ein vore noko styrka med utveksling av kompetanse frå Magnus Tveiten og Alma Skrbo frå Oleana. Garn frå Hillesvåg Ullvarefabrikk AS, Sandnes garn og AS Safa-Samnanger Fabrikker har vore kjærkomen.

Det er i løpet av året gjort eit stort arbeid med asbestsanering i både 1. og 2. etasje av Fabrikkbygg 1900. Etter dette er det ikkje lenger asbest i tredelen av fabrikken. Ein kan difor byrje å planlegge saneringsarbeidet i kjellaren i farger/vaskeri. Istandsetjing av direktørbustaden er snart fullført og ferdigstilling av kjøkken er planlagt ferdig våren 2024, som gjer det klart for utleige og møtelokale. Sommarsesongen vart avvikla på ein god måte med sommarhjelp knytt til både omvising, drift i kafeen, reinhald og FDV. Museet har fått gode tilbakemeldingar at delar av fabrikklokala har blitt meir tilgjengelege utan omvisar.

Bergen strikkefestival 2023 i lag med Ullveka, har bidratt til auka merksemd om den immatrielle kulturarven og berekraftig produksjon i samarbeid med offentleg, privat og frivillig sektor. Det har vært arbeid aktivt med auka fokus om redesign og bærekraftig tekstilproduksjon gjennom arrangement som (Re)fashioning the future, kurs og samarbeid med andre. TIM var mellom anna med å arrangere Bergensregionen sin første redesign-konkurrans, «REDIS», i lag med Bergen offentlege bibliotek. Det er etablert eit nordisk forskings- og utviklingssamarbeid med Textilmuseet i Borås, Tekstilmuseet Herning, Midtjylland museum og Sjølingstad Uldvarefabrik, som vi håper kan

utvidast til å inkludere museum på Island og Færøyene. Museet har vore støttespelar inn i prosjektet “Tekstilløft for Ukraina”.

Galleri Salhus har hatt 5 utstillingar i galleriet og 4 utstillingar i kafemonteret, samt hatt ein pilot på gjestekunstordning med to kunstnarar buande i Skulehuset frå 15.08-15.09.2023, som vert vidareført i 2024.01.28. To tilsette deltek i nettverksprosjektet Bærekraftige energinarrativer – Industrimuseer møter klimakrisen, gjennom Nettverk for teknologi-og industrihistorie. Ein tilsett har fullført studiet Tekstilkultur I på HVL og ein tilsett har fullført MUSE621 – vitskapleg publisering for museumstilsette ved UiB. Ein tilsett har starta opp arbeid med ein offentleg PhD.

Som del av arbeidet med den nye utstillinga «rett og vrang» (arbeidstittel) og søknad om prosjektmidlar til Vestland fylkeskommune (kulturelle utviklingsprogram) og Kulturdirektoratet (arena) vart TIM partnar i NF&TA (Klynge for tekstilnæringa i Noreg) og har fått oppdatert medlemskapet i Teko Teknisk foreining. Vi er med som partnar i prosjektet “Innovation Norwegian Wool, finansiert av Innovasjon Norge, som startar opp i 2024. Det er etablert samarbeid med klimaetaten i Bergen kommune i samband med undervisningsopplegget «Escape Box», om tekstil og berekraft. TIM vart invitert til å halde innlegg om prosjektet «Buksa mi», eit innovativt undervisningsopplegg som kombinerer innovasjon og berekraft på ERIH (Europeisk reiserute for industriell kulturarv) sin årskonferanse i Bilbao, som i år hadde fokus på den industrielle kulturarven som motor for sosial og økonomisk berekraft og regenerative samfunn. Vi fekk sær gode tilbakemeldingar på innlegget, som resulterte i nye kontaktar/nettverk som TIM kan dra nytte av i framtida. Vi har bitt medlem av den internasjonale komiteen for konservering av den industrielle kulturarven, TICCHI for å styrke oss fagleg. Medlemskap i Bergen næringsråd og Visit Bergen har gjort dialogen med bergensk næring- og reiseliv lettare, der vi mellom anna har starta opp samarbeid med lokale aktørar om berekraftig reiselivspakkar. Det er elles tatt initiativ til eit “Liv og Lyst” prosjekt, finansiert av Vestland fylkeskommune, for å få etablert tettare samarbeid med lokale lag og organisasjonar i Salhus. Det har vore stort fokus på marknadsføring via sosiale media, heimeside, Visit Bergen og Barn i byen. Vi har hatt jamleg gratis inngong sundagar og gjev gratis inngong til dei som har Bergen kommune sitt aktivitetskort, då vi ynskjer å inkludere fleire. Vi jobbar og med å bli betre på universell utforming.

Eg vil difor nytte høvet til å rette ein stor takk til alle kunnskapsrike og engasjerte tilsette, som er løysingsorientert og bidrar til at vi er relevante i samtida, er i utvikling og får til samskaping internt og eksternt. Og sjølvsagt stor takk til offentlege og private tilskotsgjevarar, samarbeidspartar og frivillige lag og organisasjonar og til alle besøkande.

-----

Salhus, 26.01.2024

Inger Lena Gåsemyr

Avdelingsleiar Tekstilindustrimuseet

*Framsida, øvst f.v.: publikum på Bergen Strikkefestival, verk frå utstillinga «Hagerom» av Ingrid Aarset, verk av Nora Martine Hjelle Strand frå utstillinga «Eg er kome for å drepe deg (this is my first painting ever)», ved studentar på KMD (foto: Thor Brødreskift). Nedst t.h.: arbeid med nytt kjøkken til selskapslokale i den tidlegare direktørbustaden Kveldheim.*



## Tilsette i 2023

- Inger Lena Gåsemyr, avdelingsleiar (frå 01.02.2023)
- Anneli Belsvik Aras: konstituert avdelingsleiar t.o.m. 31.01.2023, nestleiar frå 01.02-1.8.2023., formidlar og kurator for Galleri Salhus f.o.m. 01.02.2023.
- Ingrid Haugrønning: formidlingsleiar og nestleiar frå 2.08.2023.
- Hanne Dale: samlingsleiar
- Trond Oddekalv: driftsleiar og handverkar
- Bjørnar Myklebust: handverkar (frå 01.05.2023)
- Geir Arne Tverlid: maskinteknikar
- Siri Angela Gamborg: produksjonsansvarleg, museumsbutikk og formidlar
- Ellen Marie Risbruna: marknadsføringsansvarleg, formidlar og festivalleiar (i permisjon til august)
- Abdelkarim Mohamed Gadle: reinhaldar (i permisjon fram til 09.05-01.12.2023)
- Liudmila Karpenka: reinhaldar (vikar for Abdelkarim Mohamed Gadle, fekk fast stilling etter at han sa opp stillinga si 01.12.2023)
- Agnes Hoshovde Bernes: vikar for Ellen Marie Risbruna, men fekk forlenga vikariat ut året.
- Cecilie Straagaard: vikariat formidling, med forlenging av vikariat ut året.
- Ida Westberg: omvisar
- Katinka Helland: omvisar
- Ine Sofi Haaland: omvisar/kafévert
- Helma Kristine Rønhovde: kafévert, omvisar frå juni
- Nina Eriksson: omvisar frå juni, tilkallingsvikar
- Sommarvikar, bygg: Sigrid Jacobsen og Silje Øfstegaard Vildalen.





*Frå klesbyttefest og reparasjonsverkstad med Clothing Swap Bergen i april, under Fashion Revolution Week.*

# Formidling

*Mål frå KUD-søknaden 2023: Med ny formidlingsplan skal vi oppnå ei meir profesjonalisert formidling og sikre eit heilskapleg tilbod til våre besøkande. Vi arbeidar med å utvikle nye tilbod for å nå våre målgrupper.*

Det har vore eit aktivt år med stor aktivitet på fleire frontar. Cruisebesøk, skuleklassar og arrangement syner att i besøkstala og i omsetning i butikk og kafé. Vi har hatt 7249 gjestar, med tidenes beste besøkstal for april: 829. September og oktober var òg travle månader med strikkefestival og mykje skulebesøk. Både cruisebesøk og gratis sundagar har gitt godt sal i butikk og kafé. Syloftet er etablert som eit nytt areal for kurs og skulebesøk. I tillegg vart det gjennomført eit større strikkekurs med ei gruppe i mai.

Dei siste åra har vi sett etter smartare og mindre ressurskrevjande måtar å halde museet ope, og korleis vi kan ha ein innbydande kafé utan for store kostnader. I juni fekk vi endeleg opna spoleloftet for at publikum kunne gå på eiga hand med hjelp av ein brosjyre. Brosjyren har fokus på produksjon og

maskinar på spoleloftet, men gjev ein enkel inngang også til resten av museet. Talet på omvisingar er redusert frå kvar time til to om dagen på kvardagar, og tre på søndagar. Barneomvising med Bændik, som går på søndagar og i skuleferien, kjem i tillegg. Billettprisen vart òg oppjustert, slik at ein betaler ekstra for omvising. Vi jobbar stadig med å få gode vaktlistar, og at alle som ynskjer fleire vakter kan velje dei i Tidsbanken. Vi har òg jobba for ein dedikert kafé-ansvarleg, men ser at dette best kan løysast med føreseielege vakter på kvardagar for dei faste tilsette.

BESØK	2019	2020	2021	2022	2023
januar	351	355	0	92	83
februar	660	394	175	370	507
mars	369	137	201	697	457
april	360	0	176	624	879
mai	679	65	94	532	321
juni	670	269	236	562	677
juli	298	264	210	561	572
august	437	290	248	723	751
september	2075	431	443	391	1459
oktober	687	605	1280	749	966
november	585	14	504	443	440
desember	229	69	98	266	137
<b>SUM</b>	<b>7400</b>	<b>2893</b>	<b>3665</b>	<b>6010</b>	<b>7249</b>

## Undervisning

Til saman har 1327 elevar i 63 klassar delteke på skuletilboda våre. I tillegg til dei tradisjonelle og populære undervisningsopplegga våre, har fleire klassar delteke på det nye tilbodet «Gjenbruk og redesign». FN-sambandet har gjennomført nokre rollespel på syloftet.

Før sommaren inngjekk vi ein avtale med Klimaetaten i Bergen kommune om at dei skal betale for at vi kan gjennomføre skuletilbod om berekraft (Escape-boks og ein pilot av «Buksa mi») for ungdomsskulen hausten 2023. Prosjektet «Buksa mi» fekk ein intensjonsavtale om samarbeid med lærarutdanninga på HVL for å gjennomføre piloten med Storetveit skole hausten 2023. Ein del av avtalen med Klimaetaten var at all bestilling skulle skje via kommunen sitt eige bestillingssystem. Diverre var ikkje dette ideelt for oss, så vi måtte holde av nokre dagar for bestillingar, men ikkje alle vart fylt opp. For å sikre berekraftig drift av skuletenesta, sette museet ei maxsgrense på å ta imot 2000 skuleelevar i løpet av året. I 2023 har vi takka nei til 31 klassar og 510 potensielle elevar, nokre gonger fordi dei berre kan på dagar som er fylt opp, men mest fordi vi i følge med Klimaetaten hadde nådd målet om 2000 skuleelevar. Nær alle dei avviste klassane kjem frå vidaregåande skule, og MUHO bør be VLFK om ekstra midlar for å styrke det populære undervisningstilbodet på TIM.

### Planlagt fagleg arbeid:

- **Ope spoleloft**

I juni vart spoleloftet opna for at publikum kunne utforske på eiga hand, med ein brosjyre som er tilgjengeleg på norsk, engelsk og tysk. Det var litt spenning knytt til tryggleik for publikum, maskinar og resten av fabrikk, men med nokre få unntak har det vore eit gode for både publikum og formidlarar at vi har eit breiare og meir tilgjengeleg tilbod til publikum.

- **Undervisningstilbod for mellomtrinnet**

I november vart det utarbeidd eit forslag til undervisningstilbod for mellomtrinnet, med omvising i fabrikk og verkstad der elevane lærer om tekstilar med utgangspunkt i sine eigne klede. Verkstaden kan finne stad på museet, eller i klasserommet etter besøk på museet. Tilbodet treff læreplanmål i samfunnsfag, kunst og handverk, naturfag og fellestemaet berekraft.



## Arrangement

Tal på deltakarar i parentes:

- 19.02. Første opningsdag og utstillingsopning**, gruppeutstilling (GS) og Sandra Blichert Christensen (kafémonter) (64)
- 21.02. Strikke kafé** med Skogstrikk design (64)
- 02.03. Babytreff** (2)
- 02.03. Veve-workshop**, Ida Westberg, BKH (15)
- 05.03. Reparasjonsverkstad**, BK (19)
- 08.03. Foredrag med Randi Andersen** (13, problem med stengd veg)
- 22.03. Sykurs del 1** med Veronika Møgster/ Laga på haugen (10)
- 26.03. Krapyl-workshop**, Sandra Blichert Christensen, BKH (8)
- 28.03. Strikke kafé** med Jord Clothing (15)
- 29.03. Sykurs del 2** med Veronika Møgster/ Laga på haugen (10)
- 05.04. Veve-workshop**, Ida Westberg, BKH (10)
- 06.04. Babytreff** (3)
- 23.04. Klesbyttefest og reparasjonsverkstad med Clothing Swap Bergen**, BK (150 + 50 i kafeen)
- 25.04. (Re)fashioning the future II**, Fritt Ord (80)
- 04.05. Babytreff** (0)
- 11.06. Utstillingsopning**: Ingrid Aarseth (GS) og Karina Siegmund (kafémonter) (70)
- 08.09 Strikke kafé**, Fana Kulturhus, basert på *Ruter og lus* (6)
- 21.09. Barselomvising** (3)
- 29.09.–01.10. Bergen Strikkefestival**, BK (750 + 400)
- 02.10. Fagseminar: Tekstilmuseum i Norden**, Nordisk Kulturfond (8)
- 15.10. Utstillingsopning**: Siv Støldal/ NK si tema-utstilling i samarbeid med HKS (70)
- 19.10. Barseltreff** (5)
- 24.10. Strikke kafé** med Therese Jacobsen (15)
- 28.10. Yoga på museet**, avlyst grunna få påmeldte
- 04.11. Sykurs** med Veronika Møgster/Laga på Haugen (7)
- 05.11. Veve-workshop** med Ida Westberg (15)
- 16.11. Barseltreff** (2)
- 24.11. Konsert** i kafeen (10) med Bøen/Fiskaaen duo
- 26.12. Opning jule-/salsutstilling** (70)

**28.11. Strikkekafé** med Kristi Nilsen (20)

**13.12. Luciakveld** (15)

## Bergen Strikkefestival

I 2023 vart Bergen Strikkefestival endeleg gjennomført i fullskala for første gong sidan 2019. Festivalen starta fredag kveld med Kick-off strikkebingo på Hotel Terminus. Laurdag og søndag var fylt med føredrag på spoleloftet, og kurs i ulike lokale i fabrikk og på Kveldheim, marknad i Galleri Salhus og syloftet. Strikkekafeen vart utvida med ein filial i det nye selskapslokalet på Kveldheim. Det største trekkplasteret i 2023 var den danske strikkedesignaren Lærke Bagger som heldt kurs på Kveldheim og mega-workshop på spoleloftet. Alle tilsette gjorde ein stor innsats for å planlegge og avvikle festivalen. I tillegg fekk vi god hjelp frå om lag 40 frivillige og Anne-Lill Stene frå Stene matglede som hjalp oss med kafédrifta. Kjersti Linn frå LHS bidrog med gode innspel til



*Glimt frå Bergen Strikkefestival. Over: panelsamtale med nordiske tekstilindustrimuseum: Sjølingstad Ullvarefabrikk, Tekstilmuseet i Herning (Danmark), Textilmuseet (Borås, Sverige) og Tekstilindustrimuseet. Under: det strikkast i alle krikar og krokur under festivalen, her frå syloftet (foto: Thor Brødreskift).*

meny og ein lekker salat. Som vanleg var søndag ein rolegare dag enn laurdag, men over 1200 personar var innom Salhus og Tekstilindustrimuseet denne helga.



*Bergen strikkefestival: Samtale med prosjektleiar Cecilie Straagaard og Lærke Bagger før megasworkshop på spoleloftet.*

## Utstillinger i Galleri Salhus

- **Ren tilfeldighet. Svein Ove Kirkhorn, Vibeke Jerkaas og Henriette Slorer (19.02-09.04)**  
Ei gruppeutstilling med måleri av Vibeke Jerkaas, tekstilarbeid/klede av Svein Ove Kirkhorn og foto/film av Kirkhorn og Henriette Slorer. Utstillinga viste resultat frå eit unikt og spanande samarbeid på tvers av disiplinane biletkunst, kunsthandverk og dans. Det vart selt eitt fotografi til ein privatperson.
- **«Eg er kome for å drepe deg (this is my first painting ever)». KMD (16.04-14.05.)**  
Studentutstillinga viste mangfaldige arbeid av 12 studentar som arbeider innafor ei brei tolking av det tekstile feltet: Laika Marie Andersen, Ali Reza Ashoori, Karl Bird, Marius Eid, River Hongjie He, Alphie Hubbard, Pooyan Jalilvand, Elna Karlsson, Kjell Korsmo, Moana le Meur, Huzz Liu, Hannah Pettersen, Nora Martine Hjelle Strand. Utstillinga var eit resultat av eit kurs halde av Kiyoshi Yamamoto på KMD. Kuratorar: Tim Parry-Williams, Tone Saastad, Daniela Bergschneider og Kiyoshi Yamamoto.
- **Hagerom. Ingrid Aarset (11.06-10.09.)**  
Utstilling *Hagerom* viste i hovudsak arbeid som spring ut frå eit tverrfagleg nordisk scenekunstprosjekt, «Livias rom», framført på Cornerteateret i Bergen oktober 2022. Livia var gift med keisar Augustus og hadde eit underjordisk rom med freskar av tre og plantar på alle veggane, som samla skapte ein illusjon av å vere inne i ein hage. Aarset utvikla tekstilar relatert til dette rommet som danna den visuelle ramma for scenekunstprosjektet. Aarset kombinerer tradisjonelt handverk med nyare teknologi: teiknar for hand, bearbeider motiva digitalt, fargar, målar og laminerer stoffa for hand, for så å laserskjere i materialet. Felles tema for prosjekta hennar er organiske mønster og



Øvst: frå juleutstillinga «Off the wall and off the table». Under: Utstillinga til Siv Støldal inkluderte både objekt, maskindelar og arbeidsutstyr frå fabrikkjen. Foto: Thor Brødreskiift.

ornamentikk med fokus på tekstur og taktilitet. Bak alle arbeida ligg det ei undersøking av linje og form, overflate, lys og skugge. Utstillinga fekk særst god omtale i Bergens tidene og eitt verk frå utstillinga vart seld til KODE si kunstsamling.

- **New life dressing. Siv Støldal (15.10–12.11.).** Utstillinga var ein del av Norske Kunsthåndverkere si temautstilling *Time will tell she already does*, som også fann stad på HKS, kuratert av Daniela Ramos Arias og Mathijs van Geest. Utstillinga er ein tredelt serie der Støldal utforskar rolla klede spelar, i stadig skiftande liv og under dei ulike reisene folk legg ut på. Siv Støldal jobbar i skjeringspunktet mellom kunst og mote, og undersøker folk sine relasjonar til klede med eit nærast sosiologisk utgangspunkt. Historiene rundt og betydingane av klede inspirerer til ein omfattande og open forskingsprosess kvar gong ho startar ein ny kolleksjon. Utstillinga fekk omtale i tidsskriftet *Kunsthåndverk* av Geir Haraldseth, kurator på Nasjonalmuseet, på oppdrag frå tidsskriftet.
- **Off the wall and off the table. Juleutstilling 2023 (26.11–13.12.)** For første gong hadde Galleri Salhus ei juleutstilling med kunst, kunsthåndverk og design. Ei «off the table and off the wall» utstilling med fokus på sal. Utstillinga var basert på ein Open Call, og viste verk av 16 kunstnarar. Utstillinga førte til veldig fint besøk i november og desember, og fleire besøkande enn vanleg på søndagar. Det samla salet frå utstillinga vart rundt 45.000 kr, med ein avtale om 30 % provisjon til galleriet.

### I kafémonteren

- **Krapylar. Sandra Blichert Christensen (19.02–09.04).** Hekla krapyl-portrett av restegarn. «Når mørket faller på og natten legger seg tungt, har jeg for vane å finne garn og nål frem og hekle litt på måfå. Plutselig ut av det blå trer noe fram, et fjes former sig, et krapyl som vil være til med sitt eget vett. Kom og møt krapylfamilien av stygge og fine fjes, de henger portrettert til veggs.» To krapyl frå utstillinga vart seld til privatpersonar.
- **KMD (16.04–14.05.)** Under leiing av Ingrid Cogne, har ei gruppe studentar jobba med gjenbrukstekstilar, der dei endra utstillinga i kafémonteren kvar veke i utstillingsperioden.
- **Dialog med havet. Karina Siegmund/ The oceanweaver (11.06–10.09.)** Siegmund fortel i utstillinga historier om havet. Ho bur og arbeider på Stadlandet, som ligg på det vestlegaste punktet av den norske kystlinja. Her er den røffe naturen, det stormfulle veret og det raskt skiftande lyset ei endelaus kjelde til inspirasjon, som utgjør essensen av dei utstilte vevde fiberkunst- og designverka. I hennar kreative praksis samlar Siegmund historier som skaper handvevde varer for ein moderne og medviten måte å leve på.
- **Off the wall and off the table. Juleutstilling 2023 (26.11–13.12.)** Vi nytta også kafémonteren til juleutstillinga.

### Kunstnaropphald i skulehuset

Skulehuset vart i sommar sett i stand for å kunne ha ein pilot på ei gjestekunstordning. Kunstnarane Freja Burgees og Emilia Sahlström var der frå 15. august til 15. september 2023. Ordninga vil bli vidareført våren og hausten 2024.




## Forvaltning: samlingsforvaltning

*Mål frå KUD-søknaden 2023: All samlingsutvikling i MUHO skal skje i tråd med samlingsplanen. Vi skal ha godt oversyn over samlingane museet forvaltar og gjere dei tilgjengelege. Museet skal prioritere i eksisterande samlingar for å gjere samlingane relevante og utnytte ressursane best mogleg.*

Hausten 2023 har vi rydda og flytta maskiner i Magasin Fabrikbygg 1900 i forkant av asbestsanering, dette vil halde fram i 2024. Vi har òg førebudd sanering i kjellaren i fabrikk, der det er mange maskiner og gjenstandsmateriale. Om sommaren vart det rydda og reingjort i Skulehuset under klargjering til utleige av bygget, for betre orden og for å minske sannsynet for skadedyr.

Det har vore ein prosess i leiinga og samlingsgruppa i MUHO, som enda med ei avgjerd om å avhende motoryachten FYK til ein ny privat eigar med høve og fagkompetanse til å setje den i køyrbar stand. Båten har tilknytning til Salhus Væverier, men har dei siste åra vore deponert på Hardanger Fartøyvernssenter, medan museet har freista å skaffe midlar til vidare restaurering. Ved seinare høve, når båten blir sjødyktig att, er det mogleg for museet å leige den i kortare periodar, t.d. til transport til museet i sommarsesongen.

Saman med dokumentasjonsteam på BEV har vi revidert registreringar og fått fotografert den første leveringa frå TIM til fellesmagasinet på nytt, då dei eldre bileta ikkje lenger var gode nok. Vi har arbeidd med å ta unna dokumentasjonsrestansar, som etterarbeid etter tidlegare gjennomgangar av lager/magasin. Saman med samlingsgruppa har vi betra metadata om samlingane – for TIM sin del er alle materiale i registreringane gjennomgått, i tillegg til stadnamn. Vi held fram med å betre informasjonen om museet sine samlingar på nettsida og Digitalt Museum,



Over: Under reingjering av strikkemaskin, NTMT.08955.

og koplar samlingane til relevante artiklar på Wikipedia. Vi har delteke på relevante kurs/fagdagar i løpet av året.

## Maskinparken

Frå sommaren har vi hatt ekstra innleige til hjelp med maskinparken, Magnus Tveiten og Alma Skrbo, begge tilsette ved Oleana. Det gjer at vi kan setje i stand nye maskiner vi elles ikkje har kapasitet til å arbeide med, kjem godt med i det praktiske arbeidet, og gjev fagleg utbytte for vår faste maskinmekanikar. Fleire av maskinene har stått lenge stille, og må demonterast før ein gjer dei rein og set dei saman att. I tillegg til vanleg vedlikehald og køyring av maskiner, har vi hatt ein gjennomgang og vedlikehald av fleire av dei ståande rundstrikkemaskinene på rekkja mot vegen, som strikkar bomullsstoff (foto førre side.): NTMT.08952, NTMT.08955–59, NTMT.03269). NTMT.08957 har fått montert ny reim til samankopling med reimdrifta i taket, og ei maskin (NTMT.08959) har fått ny av/på-brytar.

Vi har gått over og smurt opp fleire av symaskiner på syloftet, og smurt, sett i stand og køyrt fleire flatstrikkemaskiner (NTMT.08940–42). Elles har vi hatt litt ekstra vedlikehald av:

- spolemaskin mot sjøen (NTMT.00863)
- reingjering av maskina vi strikkar Salhus-genserar på (NTMT.21509).
- tvinnemaskina (NTMT.00081) utskifting av slitna reimer, vaska og pussa sylindren på maskina. Farten på maskina er også noko redusert, etter driftsproblem over sommaren.
- demontering og utvida vedlikehald av nyare sokkestrikkemaskin (NTMT.00477)

## Forvaltning: bygg og anlegg

*Mål frå KUD-søknaden 2023: Asbestsaneringa i vårt freda TIK-anlegg er høgt prioritert og del av arbeidet med å intensivere og betre tilstanden på bygningsmassen. MÅL TIM: Hovudfokus på asbestsanering og gjennomføre tiltak lista i Multiconsult sin rapport om forsterkingstiltak i berekonstruksjonar i Fabrikkbygg 1900. Vurdere ytterlegare tiltak for straumsparing/hindre varmetap frå vindauge.*

Første halvdel av året var prega av at vi berre hadde ein handverkar på bygningsarbeid. Vi fekk god hjelp av tilsette på andre avdelingar, men set stor pris på å ha to bygningshandverkarar etter dette, om enn ein i midlertidig stilling. Det er avgjerande å halde ved like anlegget som grunnlaget for museet, og det må arbeidast for å sikre heile faste stillingar når tilskota ikkje dekkjer handverkarstillingane fullt ut.

### Asbest

I løpet av haust og vinter 2023 er asbesthaldig støv og avrettingsmasse fjerna i både 1. og 2. etasje i Fabrikkbygg 1900. Etter dette er det ikkje lenger asbest i tredelen av fabrikkbygget, og i det vidare kan vi begynne å planlegge det store saneringsarbeidet i kjellaren i fargerivaskeri. Det har vore mykje





arbeid med klargjering, flytting av objekt og maskiner i lokala, for- og etterarbeid etter at eksternt saneringsfirma har fjerna den asbesthaldige massen på golvet. Det er også utført støvsanering i 1. etasje Fabrikkbygg 1900, av museets egne tilsette, og i gang inn mot garderobe i 1. etasje Fabrikkbygg 1910.

## **Straumsparing**

Lysarmatur i delar av fabrikkbygget er bytta ut frå vanlege lysstoffrør til LED, for betre ENØK og branntryggleik. Installasjon av varevindaug i 1. etasje Fabrikkbygg 1953 og 1927 er finansiert, og vil bli gjennomført i 2024. Straumbruken i løpet av året er redusert med rundt 20 %/65 000 kWh samanlikna med 2022.

## **Utvendig arbeid**

Vi har blant anna:


- utbetra sår i betong/rust på armering på **Fabrikkbygg 1927**
- skifta ut råte treverk og måla flettverk under terrasse på **Lærarbustaden**, og utbetra betong- og armeringsskadar i verandadekket
- måla **Lærarbustad**, bodar til **Arbeidarbustad 1860**, tre veggjar i **Rulleboden**, front til **oljetank til dampkjele**, og mindre målingsarbeid på andre bygningar
- utbetra drenering og isolering av vegg i hagen på disponentbustaden **Kveldheim**, utført av Bergs maskin
- mura opp att utrast natursteinsmur ved gangveg på uteområdet (v/ innleigde firma)
- utbetra leider ved kai på sjøsida av fabrikkbygget, då den var rusta, spesielt under vassoverflata
- heldt ved like uteområde og badeplass på Rotholsneset

## **Innvendig arbeid**

Det største prosjektet har vore **vidare arbeid i 1. etasje på Kveldheim** for at lokalet kan takast i bruk som selskapslokale. Det innebar blant anna riving av himling og delar av golv og veggjar, klargjering for innleigd målar/tømrar, justering av vindaug, arbeid med veggjar og golv. Det har vore mykje arbeid med å gjere klart nytt kjøkken som skal kunne brukast til matlaging i selskap. Golvbelegg og avrettingsmasse er fjerna, og det er støypt nytt golv med sluk. Den gamle kjøkkeninnreiinga demontert. Veggane er avretta og plata, og det er utført elektrisk- og røyrleggjararbeid slik at lokalet tilfredsstillar dagens krav til matlaging og brannsikring. Den gamle brannmuren i stova er fjerna, og det er støypt ny sokkel til vedovn. Det er montert nye brannrør og dørpumper til brannrør i lokalet. Himlingen av trefiberplater i forrom til kjøkkenet er tatt ned, og vil bli erstatta av malte gipsplater.

I løpet av året har vi òg:

- **Ferdigstilt rehabilitering av golv i karder i Fabrikkbygg 1910** mot trappa til spoleloftet, og **varevindaug på spoleloftet** – her manglar det no berre tre vindaug som må spesialbestillast.
- Røyrleggjararbeid i skulehuset grunna lekkasje i kjellar og montering av ny varmtvassstank.
- Klargjort **Skulehuset** til utleige, og toalett og enkle dusjfasilitetar i **Bryggarhuset**.



Oppe f.v.: istandsetting av leier til kai; førebuing til måling av lærarbustaden. Nede f.v.: asbestsanering i 2. etasje i Fabrikbygg 1900; ferdige plata vegg og golvbelegg på kjøkken Kveldheim.

# Forsking og dokumentasjon: fagleg arbeid

Mål frå KUD-søknaden 2023: Kunnskapsproduksjonen vert til gjennom forskning og faglege dokumentasjonsprosjekt, og vi hentar fram ny kunnskap i samarbeid med andre museum og nasjonale museumsnettverk.

## Faglege prosjekt og publisering

To tilsette deltek i nettverksprosjektet [Bærekraftige energinarrativer](#) – industrimuseer møter klimakrisen, gjennom Nettverk for teknologi- og industrihistorie. Vi har kartlagt klimaendringane sin plass i musea i nettverket saman med Norsk Teknisk Museum, og presenterte [prosjektrapporten](#) på nettverksmøte i mai. Vi utarbeider òg «Buksa mi», eit undervisningsopplegg om klede i samarbeid med Oslo museum (sjå s. 4) og deltek på seminar og arbeidsmøte i prosjektet. IH heldt innlegg på ERIH sin fagkonferanse i Bilbao om «Buksa mi» som undervisningstilbod og utgangspunkt for vidare utvikling og forskning.

ABA har fullført studiet Tekstilkultur I på HVL hausten 2023.

## Publikasjonar

IH har arbeidd med ein forskingsartikkel til publisasjon som kapittel i ein antologi om tilknytingsformer i arbeidslivet. IH har òg søkt og fått tildelt midlar for å skrive søknad til offentleg PHD, med søknadsfrist 6. mars 2024. HD har fullført MUSE621 – vitskapleg publisering for museumstilsette ved UiB, og skrive eit utkast til ein artikkel om natur og miljø i reklame for turklede.

## Fornyng

### Ny fast, forskingsbasert utstilling om tekstilindustrien i dag

I fleire år har det vore planar om ei ny fast utstilling på tekstilindustrimuseet. Hovudmålet er å gje meir rom til dagens tekstilindustri og påverknaden den har på natur, klima, og ikkje minst arbeidstilhøve for dei som arbeider i tekstilindustrien i dag. Det passar òg godt inn i målet om å gje publikum eit breiare tilbod på museet.




## Klima på museum

Kartlegging av klimaendringenes plass i museumsnettverket for teknologi- og industrihistorie



Prosjektrapporten over er ein del av Tekstilindustriets bidrag til prosjektet Bærekraftige energinarrativer.

I løpet av hausten har vi fått tildelt 300 000 kr til utvikling frå Vestland fylkeskommune, og det vart send ein større søknad til ARENA – tilskotsordning for bygg og infrastruktur (Kulturdirektoratet) med skisse til å utvikle lokale for verkstad/møteplass og betre løysingar for sikkerheit og universell utforming.



Skisse over lokalet der den nye utstillinga er planlagt.

## Eigeninntekter & profilering

### Museumsbutikken

Dei gode omsetningstala for museumsbutikken i 2023 må sjåast i tett tilknytning til TIM si satsing på eigen produksjon. Kjøpargruppene har vore cruiseturistar, auka sal gjennom nettbutikken, ei relativt stor bestilling til Aust-Agder museum og arkiv, publikum under strikkefestivalen og godt sal før jul.

Samtidig med stor etterspurnad etter gode bruksplagg har vi også fokusert på samarbeid med lokale produsentar om utviklinga av ny design tilpassa kvar avdeling, og MUHO generelt. I januar reiste MUHO si butikkgruppe til Oslo Design Fair i Lillestrøm, der blant anna foredrag med fokus på berekraft og gjenbruk, marknadstrendar, kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar og idear til nye produkt stod på agendaen. Vårt historie- og strikkeinteresserte publikum kombinert med avgrensingar for produksjon på gamle maskiner, set desse målgruppene for formidlinga produksjonen og butikken i fokus. Vi er inne på rett spor med profil, vareutval og fornying, men 2023 har ikkje minst synt behovet for fleire arbeidstimar til produksjonen med aukande etterspurnad og krav til inntening. Grunna dette og lengre sjukmeldingar hadde det ikkje vore mogeleg å oppfylle slike krav utan ein god del ekstra hjelp frå dei særskild dyktige medarbeidarane våre, KH, LK og IW.

## Marknadsføring og kommunikasjon

I år som tidlegare har vi hatt fokus på marknadsføring via sosiale media, heimesida, Visit Bergen sin digitale kalender og Barn i byen. Vi har også brukt grupper på Facebook til å dele arrangement. I samband med større arrangement har vi kjøpt annonsar på Facebook og Instagram. Det er mykje pengar spart på å annonsere i sosiale media. Då får vi også meir informasjon om rekkjevidde av annonsane. Elles sender vi inn informasjon om opningstider og arrangement til Barn i byen, som er både ein fysisk avis og ein digital kalender.

Av anna innhald til sosiale media har vi laga fleire videoar eller såkalla reels, som har større rekkevidde på sosiale media. Vi har delteke på kurs i SoMe i regi av Visit Bergen i september.

## Mangfald og inkludering

Vi tilbyr jamleg gratis inngang sundagar med mål om breiare inkludering. Statistikk og dagsoppgjer viser at vi får godt besøk og høg omsetning når vi greier å få tilbodet ut til publikum. Tolka omvisingar har vist museet til nokre frå andre land og på teiknspråk. Vi brukar mangfaldsplakaten i planlegging av arrangement og besøk, og har i 2023 jobba vidare med prosjektet med tolka omvisingar. Etter Bergen Strikkefestival fekk vi tilbakemeldingar på at program og publikum var etter tilhøva mangfaldige. Vi har nokre strikkande menn på programmet, som frivillige og deltakarar. Programmet trefte publikum i alle aldrar og med ulike forutsetningar. Vi må jobbe endå meir med å nå grupper med større etnisk og kulturell variasjon

Ein tilsett deltok på seminar om universell utforming i fredag bygg i september, og universell utforming er eit hovudmål med ARENA-søknaden sendt i desember.

## Samarbeid og oppgåver på tvers i MUHO

### Verv

- Butikkgruppa i MUHO: Anneli Belsvik Aras (leiar)
- Formidlingsgruppa i MUHO: Ingrid Haugrønning (leiar)
- Samlingsgruppa i MUHO: Hanne Dale (leiar)
- Tillitsvald Forskerforbundet: Ingrid Haugrønning til februar 2023, deretter Ellen Risbruna
- Tilsette sin representant i MUHO sitt styre: Hanne Dale
- Turkomiteen 2023: Hanne Dale.

Tilsette på TIM bidreg òg til fleire av prosjekta i strategiprosessen (inntil 15 % for dei involverte).

## Kommentar til budsjett

I 2023 hadde TIM eit svært godt utgangspunkt med eigenkapital på om lag kr. 1 420 000, noko som gjorde det mogleg å forlengje kontraktar til mellombels tilsette ut året og investere i infrastruktur for å leggje til rette for gjestekunstordning og anna besøk. Desse reservane vart nesten brukt opp, då resultatet for 2023 vart på om lag kr. 1 100 000 i minus. I år som i fjor var det diverre kutt i lønsmidlar til handverkarstilling over post 72, noko som var svært krevjande knytt til oppfølging av førefallande arbeid med FDV på det freda anlegget. Kutt i lønsmidlar førte til at ein berre kunne engasjere ein handverkar i mellombels prosjektstilling frå mai-desember. Det vart søknad om omdisponering av midlar til asbestsanering på TIM og drenering på Kveldheim, noko som gjorde at ein har kommen mykje lenger med asbestsanering, enn kva som var planlagt. Besøktal har vore lik 2019 og sal i butikk og galleri har vore som forventa.

### Oppsummering:

Det har vore eit spanande år der vi har klart å utvikle oss både når det gjeld formidling, forskning, samlingsforvaltning, butikk, produksjon og planlegging av arrangement og nye samarbeid.

Stor takk til alle kunnskapsrike og engasjerte tilsette, som er løysingsorientert og bidrar til at vi er relevante i samtida, er i utvikling og får til samskaping internt og eksternt.

Og sjølvstort stor takk til offentlege og private tilskotsgjevarar, samarbeidspartar og frivillige lag og organisasjonar og til alle besøkande.